



Båtlagleiar Harald Erdal lovar at den reparerte piren skal vera klar til påske. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal Båtlag held lovnaden om å få på plass ståldelen av piren utanfor moloen til påske – til erstatning for den som vart kraftig ramponert under storstormen i vinter. Dermed kan båtane på ny leggja til der.**

Det er laga tre nye uteliggjarar til erstatning for dei som vart brote laus under stormen. Dei er levert frå Dimmelsvik. Eidsvik Skipsbyggeri har hatt jobben med å ordne ny gangveg og dei nye komponentane vil truleg bli montert på plass onsdag, opplyser båtlagleiar Harald Erdal til uskedalen.no. Alle elementa til ståldelen er klare, men boltane kjem ikkje før onsdag.

Derimot kjem ikkje dei nye og kraftigare bølgebrytarane på plass førebels. Dei nye blir både breiare og djupare enn dei gamle og vil forhåpentleg kunne stå i mot vinden uansett kor kraftig han blir.

Dei gamle og delvis øydelagde elementa blir ligjande inntil det er skjedd ei avklaring. Avklaringa vil skje på båtlaget sitt årsmøte, som skal heldast måndag i påskeveka på Stemneplassen. Møtet skulle vore halde før, men vart utsett på grunn av stormskadene og det som måtte skje i samband med reparasjonen.

- Vi må nok ta opp eit lån på 300.000-400.000 for å fullfinansiera den opprusta piren, for forsikringsselskapet vil truleg ikkje betala ut meir enn 600.000-700.000 kroner, seier Erdal.

For bølgebrytarane er det ei leveringstid på seks veker og dei er ennå ikkje bestilt på grunn av dei langvarige forhandlingane som er ført med forsikringsselskapet If.

. Forsikringsselskapet har vore viljug til å dekkje utgiftene til berre to av dei tre betongelementa.

Av Ola Matti Mathisen